

Partia positive til gangveg til Eidsvik

06.09.2011



**Partia som stillar opp i valet er positive til gang og sykkelveg  
frå brua til Eidsvik. Det gjekk fram av deira direkte svar på  
spørsmål frå møteleiinga under valmøtet måndag. Det var  
Sigurd Børve som spurde og slik svara Venstre sin ordførarkandidat  
Kjell Yri: - Dette er midt i blinken for meg. Vi har det i programmet.  
Dette er eit stort miljøproblem.**

Leiar i idrettslaget Bjarne Lilleaas kom inn på kor viktige lag og organisasjonar er for folkehelsa og oppmoda om å tenkja alternativt med omsyn til mosjon. Han peika på kor mange som nyttar den restaurerte Postvegen gjenom kommunen.

I tillegg til å stilla spørsmål om Aktivitetshuset i framtida var han også inne på bruken av grusbana - eventuelt delvis til andre føremål.  
Kjell Yri meinte at kommunen burde hatt større ansvar for bana.

På biletet orienterar Sigurd Børve om trafikksikkerheit.